

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.: Skav.

Fylke: Troms.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Sørreisa.

Emne: Skav.

Bygdelag: "

Oppskr. av: Johs. Høihilder.

Gard: Sørstraum.

(adresse): Sørreisa.

G.nr. 26. Br.nr. 6.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Oppskrifta er etter Henrik Eriksen - 86. år gamal
og kona, Ane Eriksen - 83. år gamal.

- - - - -

1. Samnamnet på alt før utanom høy var : "Å dra bunød".
2. Skav.:
 - a) Finskava bjørkebork vart blanna saman med kokt sild eller torskehoder. Dette blei brukt til småfè.
 - b) Til storfè brukte ein finskava bork av rogn. Dette vart ikkje blanna med sild eller anna.
3. Å skava vart bøygd : skjev - skave - har skave.
4. Skav var nokkø naudfor, men vart i eldre tid av dei fleste nytta for dermed betre å nytte sild og ø fiskeavfall (mest torskehoder).
5. Til småfè var nytta skav av bjørk, - til storfè av rogn.
6. Rogn vart kalla skav. Det vert enno nytta av mange.
7. Rim om skav vart ikkje nytta, men folk meinte av skav ga feit melk.
8. Skav vart brukt frå mars og utover. Småfè måtte ikkje få skav av rogn, berre av bjørk. Småféet fekk skavet saman med "løyping" d.v.s. kokt sild eller torskehoder. Hesten fekk ikkje skav.
9. Det heite at rogneskavet ga feitare melk. Mykje skav ga vilde gjerne gjera melka beisk.

II.

Skav.

- 10. Ein tók ekstra tur til skogs for å hente skav.
Rogna er no så godt som utrydda.
Skav av bjørk vart gjerne tatt av dei største bjørke=~~sixxangane~~ strangane som vart køyrd heimx til brendsel.
Det var skikk at dei stokkane som var skave fekk stå å tørke sumaren over og var då nesste vinteren brukt til "Burtfarved" - til Lofot- og Finnmarksfiske, og ellers når det trongs serleg turr og god ved.
- 11. Ein for til skogs å henta skav.
- 12. En henta heim "skav". Når veden var skave, vart han kalla "skjevel".
- 13. Ordet "Marka" var ukjend.
- 14. Skav vart henta frå mars og utover. Det var tungt å komme fram i skogen då det gjerne var mykje snø.
- 15. Ein skov i vedsjåen, fjøset eller andre høvelege hus.
- 16. Ein brukte "Skavel". ~~De~~ Han var laga av bygdesmedar - og var stålsett. Den var oval og begge endane bøygd saman der skaftet var påsett. Ein drog Skavelen mot seg.
- 17. Skavstokkane vart reist mot ein vegg e.likn. mens ein skov. Når bjørkestokkane vart skave, tok ein først nevra av : ein "flekke never".
- 18. Ukjend.
- 19. Ein heldt "skavelen" med ei hand og stokken med hi. Høvde det slik, kunne ein ~~bruke~~ bruke begge hendene på skavelen.
- 20. Den veden ein hadde skave var~~g~~ kalla "Skjevel". Det vert enno brukt.
- 21. Borken vart kalla skav.
- 22. Det vart helst brukt tjukk eller grovare stokkar. Først vart dei kappaa i lengder på 1,5 - 2. meter.
- 23. Når stokkane var skave, heitte~~m~~ dei skjevel både i eintall og fleirtall.
- 24. Skave måtte helst være fint. Det var sjølsagt skilnad på dei som gjorde arbeidet.
- 25. Skjevelen vart brukt som tørrved - til baksteved og til bortfarved o.m.
- 26. Skav har sågodt som ikkje vore brukt i dette århundre.